



## Notat

Dato: 14.07.2017  
Arkivsak: 2017/13949-2  
Saksbehandlar: tormons

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status næringshagar i Hordaland 2017

#### Samandrag

Hordaland fylkeskommune jobber aktivt med regional utvikling gjennom næringshagane, og har nådd målet om inntil 10 % av den nasjonale kvoten for næringshagar. Det er god og nær dialog mellom fylkeskommunen, næringshagane og SIVA. Næringshagane er ein del av innovasjonssystemet i Hordaland og deltek aktivt på dei ulike arenaene.

#### Bakgrunn, strategi i Hordaland

Våren 2011 lanserte SIVA (Selskapet for Industrivekst SF) eit nytt næringshageprogram for 2011- 2021. Næringshageprogrammet har som hovudmål å bidra til auka verdiskaping, vekst og utvikling av norsk næringsliv, fortrinnsvis i distrikta. Næringshageprogrammet skal i tillegg vere eit verkemiddel for fylkeskommunen, og bidra til å stryke fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør. Fylkeskommunen er programeigar saman med kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Fylkeskommunen skal òg, saman med nasjonal programoperatør Siva, ha medråderett i utveljing av kva næringshagemiljø i fylket som skal takast opp i programmet.

Programmet sin visjon er å skape levedyktig og framtidsretta næringsliv i distrikta. Ein næringshage er ein operatør for næringshageprogrammet. Næringshagen er eit bedriftsfellesskap som arbeider for utvikling av bedrifter og næringslivet i sin region. Næringshagemiljøet består av ei rekkje verksemder som er samlokaliserte i næringshagen eller tilknytta næringshagen gjennom tett oppfølging og samarbeid. Næringshagen gir bedrifter i distrikta eit innovativt, faglig og sosialt miljø.

I Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017, vert det lagt vekt på å ha eit godt inkubator- og næringshagetilbod i heile fylket. Samarbeid og tilgang til nettverk, samt å skape fleire innovative næringsmiljø er prioriteringar i næringsplanen.

«Næringshagar i Hordaland – strategi Hordaland fylkeskommune», vart vedteke i fylkesutvalet 13.10.2011. I strategien vart det teke stilling til viktige faktorar i forhold til kva rolle fylkeskommunen skal inneha. Det vart gjort avklaringar rundt regionale planverk, eigarskap, styring og oppfølging, regional partnerskap, kor mange



næringshagar ein ynskjer samt geografisk spreiding i fylket, finansiering av næringshagane og handsaming av søknadar.


#### **4 næringshagar i Hordaland no**

Eit mål i strategien er å jobbe for å få inntil 5 gode næringshagar i det nasjonale næringshageprogrammet. Bakgrunnen er knytt til at ein tok utgangspunkt i at det var rom for totalt 50 næringshagar i programmet, og at Hordaland burde ha 10 % av desse. Det er no totalt 4 næringshagar i Hordaland som er med i programmet. Nordhordland Næringshage vart etablert i 2012. Næringshagen på Voss og Gulen og Masfjorden Næringshage vart begge etablert i 2013. I 2015 vart Næringshagen i Hardanger etablert med prosjektstatus i 1 år, og vart i juni/juli 2016 formelt tatt opp i programmet. Ingen av desse eksisterte i 2011 då programmet starta opp, og det ligg eit stort stykke arbeid bak både lokalt og regionalt for å få etablert desse. Per 1. januar 2017 er det 39 næringshager i det nasjonale næringshageprogrammet. Hordaland med sine 4 næringshagar har då oppfylt sitt mål som 10 % fylke.

#### **Fylkeskommunen sitt bidrag og engasjement**

I 2016 hadde SIVA, i samarbeid med blant anna fylkeskommunane, ein gjennomgang og omstrukturering av støttestruktur og støttesatsar til næringshagane. Målet med differensieringa er å vidareutvikle programmet til eit meir effektivt verkemiddel og sikre større måloppnåing i form av auka verdiskaping. Ulike forutsetnader, ambisjoner og potensial i den enkelte næringshage tilseier ulike nivå for offentlig finansiering. Det vil seie at ein legg til rette for å forsterke velfungerande miljø med uutnyttede potensial, samt nedjustere eller ta ut av programmet næringshagar som over tid leverer dårlegare enn forventast sett i forhold til resultat, ambisjonar og potensial. Den nye modellen vart innført frå 2 halvår 2016, og vil få full effekt for miljøa frå og med 2017.

Tidlegare har utbetalte tilskudd under programmet lagt i intervallet 600 000 kroner til 1 450 000 kroner, med 18 ulike tilskuddsbeløp. Arbeidet har resultert i ein modell med tre «tilskotsnivå», dvs. alle næringshager på samme nivå mottar same årlege tilskot (hhv. 800 000 kroner, 1,1 mill. kroner og 1,5 mill. kroner). Den ein skilde næringshage si innplassering i modellen er gjort på bakgrunn av både objektive og erfaringsbaserte indikatorer. Dei ulike tilskotsnivåene vil ha ulike krav og forventningar.



Modellen fører til følgjande støttenivå frå Siva til næringshagane i Hordaland:



Innovasjonsselskap	Budsjett 2017
Næringshagen på Voss as	NOK 1.100.000
Nordhordland Næringshage as	NOK 800.000
Næringshagen i Hardanger as	NOK 800.000
Gulen og Masfjorden Næringshage as	NOK 800.000

Frå 2017 er ikkje fylkeskommunane forplikta til å støtte næringshagane økonomisk. All offentleg støtte til næringshageprogrammet vert no kanalisert via SIVA. Likevel vedtok FUV i sak 85/2017 den 30.03.2017, at miljøa på Voss, Nordhordland og Hardanger får kr 100.000 kvar, samt at Gulen og Masfjorden Næringshage får kr 50.000. Dettei hovudsak fordi ein ser kor viktige næringshagane er for å oppfylle måla i Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017.

Fylkeskommunen har ikkje gått inn som eigar i nokon av dei etablerte næringshagane. Fylkeskommunen har ein representant frå seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling med som observatør i alle styra til næringshagane. Dette er sett som eit vilkår i tilsegna som vert gitt. Observatørposten gjer at representanten deltek på styremøte, har tale- og forslagsrett, og dermed får eit svært godt innblikk i det arbeidet som næringshagen gjer. Det er på denne måten òg mogleg å komma med innspel og faglege råd, delta i strategiprosessar, samt bidra med erfaringsoverføring frå dei ulike næringshagane. SIVA hadde tidlegare eit styremedlem i kvart næringshagestyre, men har redusert sin styreaktivitet, likevel har SIVA vald å ha representanter i miljøa på Voss og i Hardanger.

Fylkeskommunen bidreg òg inn i Inunet, med ein representant frå seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling samt med prosjektmidler. Inunet er eit nettverk av næringshagane, inkubatorane, Innovasjon Norge og fylkeskommunen i Hordaland. Nettverket søker kompetanseheving saman, deler kunnskap, og har oppretta andre prosjekt og initiativ saman. Eitt av tiltaka no er å kople næringshagane og inkubatorane nærare med klyngene.

Fylkeskommunen inviterer næringshagane inn i dei nettverk og arenaer som finnes i fylket. Til dømes deltek dei på den årlege dialogsamlinga saman med inkubatorane, klyngene og dei andre partnerorganisasjonane innanfor næringsutvikling.

### **Rapportering og evaluering**

Kvar næringshage har signert eit partnerskapsavtale med fylkeskommunen og Siva, som varer ut 2017. Kvar næringshage i programmet vert jamnleg evaluert, gjennom programsamtaler der Siva og fylkeskommunen møter næringshagen, samt gjennom diverse årlege og halvårlege rapporter som næringshagen leverer til både Siva og fylkeskommunen.

### **Samarbeid med SIVA**

Dialogen med SIVA går via telefon, e-post, videokonferansar og møter. Samarbeidet ein til ein mellom HFK og SIVA går godt, men det er ei utfordring å sikre at alle partar



vert fullt oppdatert når det skjer noko nytt i høve til den enkelte næringshage og programmet. Det er òg uheldig at SIVA ikkje lenger har ressursar nok til å ha fast styreplass i kvart styre, då det å ha Siva tilstades vert opplevd som svært positivt for både den einskilde næringshage og for fylkeskommunen. SIVA har frå og med våren/sommaren 2017 oppnemd regionale koordinatorar. Den regionale koordinatoren for Vestlandet (Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland) er Oddrun Englund. Det er allereie gjennomført eit oppstartsmøte mellom koordinatoren og HFK.

### **Kort om den einskilde næringshage: Nordhordland Næringshage**

Nordhordland Næringshage vart starta i september 2012, og har eit hovudfokus på opplevingar, reiseliv og kultur. Nordhordland Næringshage har kontorlokale på Mastrevik Torg i Austrheim. I tillegg har Nordhordland Næringshage delar av det gamle kommunehuset – Kunsthuset Austrheim. Næringshage har òg ei avdeling på Solund. For tida er dagleg leiar ute i permisjon, men miljøet har i utgangspunktet rundt to fulle stillingar og ein 60 % stilling i Solund, samt nokre tilsette i engasjement. Næringshagen tilbyr relativt få kompetansehevande tiltak, og jobbar i større grad knytt til den einskilde bedrift sine behov. Miljøa i Nordhordland og Gulen og Masfjorden har i løpet av 2016 laga ein samarbeidsavtale om å vere Næringshagane for Utvikling og Vekst, der dei deler på kompetanse og ressursar.

### **Næringshagen på Voss**

Næringshagen på Voss starta opp i mars 2013 og har som mål å auke den regionale verdiskapinga, gjennom utvikling av nye og vekst i eksisterande verksemder. Dette gjer ein gjennom å levere følgjande tenester til sine medlemmer; kompetanseheving, møteplassar, nettverk, bedriftspresentasjonar, rådgjeving, internasjonalisering og samlokalisering. Næringshagen har òg eit opplegg for nyetableringar og knoppskytingar, som heiter Grunderhjelpa. Det er no to heile stillingar i næringshagen, samt ei prosjektstilling og eit engasjement støtta av NAV. Næringshagen har eit stort fokus på å tilby kompetansehevande tiltak, kurs og møteplassar til sine bedrifter. Næringshagen har eit breitt spekter av målbedrifter og har ikkje bransedefokus.

Næringshagen er med i SIVA si ekstra satsing for å styrke måloppnåinga for næringshageprogrammet, og mottek 6 millionar kr over 3 år, 2016-2018. Hovudmåla i den ekstra satsinga er etablering av ein innovasjonshub med utviklingsaktivitetar for aktørar og næringslivet i heile regionen, samt etablere metodar og modellar som skal delast med resten av næringshagenettverket.

### **Gulen og Masfjorden Næringshage**

Næringshagen vart formelt etablert 29. mai i 2013, og har sine prioriteringsområde innan industri, service og havbruk. Næringshagen er lokalisert på Sløvåg, og det er ein node på Matre med spesielt fokus på havbruk. Det er ei 100 % stilling i næringshagen, samt at det er nettopp gjort ei nytilsetjing i ein 50-100 stilling som forretningsutviklar. Næringshagen har til no hatt stort fokus på å tilby kompetansehevande tiltak og kurs til sine bedrifter. Sogn og Fjordane samarbeider om denne næringshagen på tvers av fylkesgrensene.

### **Næringshagen i Hardanger**



I juni/juli 2016 vart dette miljøet del av næringshageprogrammet. Det er allereie to fulle stillingar i miljøet, samt ei engasjementstilling støtta av NAV. På kort tid har denne næringshagen kome seg opp og stå, og leverer no rådgjevingstenester og kompetansehevande kurs og seminar til sine mål og medlemsbedrifter.

### **Arbeidet framover**

På basis av rapportar og utviklingssamtalar kan ein stadfeste at næringshagane i Hordaland leverer gode resultat, gjerne langt over gjennomsnittet på fleire av måleparametra til SIVA. Fylkeskommunen ynskjer fortsatt å vere ein aktiv part i å sikre at Hordaland har gode næringshagetilbod i distriktet.

Dei er òg gode på ulike ting og nyttar seg aktivt av kvarandre sin kompetanse. Slik at det er svært viktig å leggje tilrette for kompetanseoverføring og nettverksarbeid for næringshagane, blant anna gjennom Inunet.